

Landskapet i Sund


Overordna landskapstrekk

Landskapsregion og landskapstypar


(Norsk referansesystem for landskap, NIJOS)

- Landskapsregion 20, Kystbygdene på Vestlandet
 - Underregion 20.1 Øygarden – Karmøy.

Landskapet i regionen skil seg frå strandflata i den ytre skjergarden . Øyer og holmar er meir høgreiste og tettare samla, med smale sund og avstengte pollar som eit viktig karaktertrekk. Innanfor, på fastlandet, ligg landskapsregion 21, *Ytre fjordbygder på Vestlandet*, med høgare fjell og større fjordarmar.



Landskapstypar langs kyst og fjord



20-1 Ope hav frå fastland eller store øyer

20-2 Ope hav frå ytre skjergard

20-3 Ytre skjergard

20-4 Indre øy, holme, og skjergardslandskap


20-5 Våg- og smalsundlandskap

20-6 Småfjord og storsund

20-7 Breie fjordløp og opne fjordmunningar

(Kjelde: nijos/skog og landskap)

Landskapstypar indre øylandschap



20T09 Kystheiene dominerer landsskapstype i område som ikke grensar mot kyst og fjordlinje:

- 20T09-21 Toftøya
- 20T09-22 Forland
- **20T09-23 Kausland-Selstø**
- 20T09-24 Hammersland
- **20T09-26 Tælavåg**

20T11 Vågsvatn – Kørelen

20T12 Åslandskap – Stolåsen


20T12 Kystfjell – Førdesveten


(Kjelde: aurland naturverkstad)

Viktige overordna landskapstrekk i kommunen:

- Hovudform: **Låg, småkupert strandflate**, øyar, skjergard og brattkyst. Variert berggrunn – lagdelte og skråstilte gneisar. Veten (284 moh) høgaste punkt i kommunen
- **"Sagtanna" relief aust – vest**, lange slake dalsider stig mot vest, og bratte stup på vestsida – høgdedraga svært eksponerte
- **Markerte dalar, sund og vågar** langs sprekkesoner og forkastingar, hovudretning nord – sør og nordvest – søraust
- Sjønært landskap med visuell sjøkontakt, **ope havutsikt, smale vågar og sund** – mange ulike landskapstypar knytt til kyst og fjord – brattkyst med dårlig tilgang
- Indre øylandskap med **lynghei** og annan kulturmark, småvatn og kystvassdrag, utan visuell kontakt med sjøen. Kysthei den dominerande landskapstypen.
- Småformer: Lite lausmassar, **nakne sva og knausar**, "sagtannrelieff", marine leirer og morenar, lynghumus og torv
- Vegetasjon: kystklima med milde vintrar, **myr, lynghei og fukthei** dominerer, frodig vegetasjon i lune område med næringsrik berggrunn
- Jordbruk: Lynghei og annan kulturmark i **gjengroing** eller nedbygging, krattaktig, ung vegetasjon
- Bygningsmasse: rikt på kulturminne, **spreidde grender**, tradisjonelle kystmiljø, naust og gardstun. Nyare ferdighusfelt og bilbaserte tettstader/grender

Landskaps- og terrengformer








Austefjorden

Områdedeling, grender

- 1 Tyssøy, Lundaneset
- 2 Telavåg
- 3 Sangolt, Dommedal
- 4 Austefjorden, Vestrepollen
- 5 Lerøy og Bjelkarøy
- 6 Storamyrå, Golta, Glesnes
- 7 Klokkarvik
- 8 Forland og Kleppe
- 9 Toftøya

(Skogsskiftet – eigen analyse i KDP)




1 Tyssøy og Lundaneset

Landskapstype:

- Kobbeleia – småfjord/storsund
- Raunefjorden – breie fjordløp/ opne fjordmunningar
- Grimstadfjorden – middels breie fjordløp

Karakter:

- Eksponerte kystlinjer – visuell toleevne varierer med storleiken på landskapsrommet
- Store friluftsinteresser
- Lite busetnad og inngrep, nordre Tyssøy unntak, tradisjonelle bygningsmiljø og dyrka mark
- Skrint vegetasjonsdekke, lynchhei og bart fjell. Nordre Tyssøy unntak, jordbruk på morene





Landskap og terreng


Lundaneset

- Særleg inntrykkssterk landform
- Storskala landskap eksponert mot større, opne fjordrom
- Indrafjellet opp mot 240 moh
- Mindre rom kring Ressvikvatnet, avgrensa fjordkontakt, 0 – 40 moh
- Inngrep over 40 moh vil ha særleg fjernverknad


Tyssøy

- Varden ca 80 moh – eksponert
- Nordleg del dekka av morene og i særstilling geologisk, dyrka i flere tusen år
- Småskala landskapsrom i vikene, og i det opne kulturlandskapet i nordre del
- Skog og lynghei søre del






Kobbeleia



FJORDROMMET

Raunefjorden



Vegetasjon og grøntstruktur





Lynghei i gjengroing, friluftsområde på Tyssøy



Smivågen, Tyssøy







Tradisjonelle naustmiljø i Tyssøyvågen



Ope kulturlandskap nordre Tyssøy



Nye hus er større, ligg høgare, og er i mindre grad underordna terrenget og landskapet enn det tradisjonelle miljøet

Oppsummering og tilrådingar

- Lundaneset er svært visuelt sårbart og eksponert mot fjordromma – del av fjellformasjonen som strekker seg mot Liatårnet i Fjell
- Særleg fjellsida over k +40 har eit stort visuelt influensområde, som strekker seg inn i Fjell, Bergen og viktige friluftsområde (fjernverknad)
- For friluftsområda på Tyssøy og frå fjorden har Lundaneset stor nærverknad
- Strandlinjene er i stor grad urørte og prega av brattkyst – sårbare
- Områda kring Ressvikvatnet har viktige kulturminneverdiar
- Store landskapsinngrep vert frårådd
- Tyssøy har store frilufts- og kulturlandskapskvalitetar
- Både bygningsmiljø, kulturmark og terreng/landskap er sårbart for endringar som vil endre skala og landskapskarakter
- Utmarka i sør bør ikkje byggast ut; all ny bebyggelse bør ligge i nordre del (nord for skulehuset)
- Dyrka mark; svært sårbart for ytterlegare fortetting og gjengroing
- Bygningsmiljø; sårbare for endring i karakter både når det gjeld auke i tal og storleik
- Bør unngå byggjefelt dersom landskapskarakteren skal ivaretakast
- Nye hus bør leggast til / i mindre tun og underordna terrengefomene


2 Telavåg

Landskapstypar:

- Tælavågen – våg- og smalsund
- Grimsøyna–Hissøyna – ytre skjergard
- Tælavåg, Kausland, Selstø – kysthei



Karakter:

- Kombinasjonen småskala vågar og sund – ope utsyn mot skjergard og storskala havlandskap
- Kysthei dominerande landskapstype innanfor kystlinja – mykje bart fjell
- Frodige sprekkedalar omgitt av store område med nakne sva og knausar, mange små og store vatn og myrar
- Tradisjonelle bygningsmiljø sjøbruk og jordbruk, tyngdepunkt vest for vågen.
- Kontrastrikdom, "mosaikkpreg"
- Kulturhistorisk verdifullt landskap



Landskap og terrenget

- Brattkyst pregar strandlinja både på yttersida mot havet og i våg og sund – avgrensar kystlandskapstypene
- Storform: Open, låg strandflate med vidt utsyn til det storskala landskapet fra høgdedrag – brote av våg og sund. Havet i vest – kystfjella i aust
- Småformer: Småskala og småkupert med sva, sprekkedalar og bergknattar – lite utsyn
- Svært bratte skrentar – terrengformer særleg sårbarer for inngrep grunna mykje bart fjell
- Nivået innanfor brattkysten større toleevne visuelt
- Strandlinja, Telaburet, Nipafjellet og Håvarden er særleg viktige terrengformer
- Håvarden – Krekhaugen viktig dele mellom bygda og kystheia lengre sør





Ytre Telavågen, bratt austside, slakare vestside




Indre Telavågen, bratt austside, slakare vestside



Nipafjellet er eit markant landemerke



Nye anlegg møter tradisjonelle sjøhus, Lavikneset



Vegetasjon og grøntstruktur




Lynghei dominerer områda aust for vågen



Frodig vegetasjon i lune sprekkedalar



Dyrka mark ligg i hovudsak på vestsida av vågen, underordna betydning for samla landskapskarakter.



Busetnad



Busetnaden er i hovudsak avgrensa til område med markdekk og vegetasjon, ligg som ei ”øy” omgitt av nakne sva og lyngheier

Nye hus er større, ligg høgare, og er i mindre grad underordna terrenget og landskapet enn dei tradisjonelle bygningsmiljøa.

Der dei i tillegg er lokalisert utanfor kulturmark og på grunnlendt mark, er skjemmande inngrep svært synlege og vanskelege å avbøte.



Oppsummering/tilrådingar

- Det visuelle og kulturhistoriske landskapet er sårbart for endringar.
- Det bør søkjast ei underordning og tilpassing til terreng og landskap.
- Storformer og småformer i terreng og landskap er viktigast for å ta vare på landskapskarakteren, nye tiltak bør ikkje leggast til eksponerte storformer og småformer.
- Som hovudregel bør ny bebyggelse ikkje leggast til grunnlendt mark der inngrep vert svært eksponerte.
- Tiltak lokalisert på grunnlendt mark bør få særleg merksemd på terrenghandsaming.
- Håvarden – Krekhaugen er viktig grense mot kystheia i sør (visuelt, romleg, vegetasjonsmessig etc) – alle nye tiltak bør leggjast nord for dette høgdedraget.
- Sprekkedalen langs hovudvegen toler meir bebyggelse såframt nye byggjeområde vert lagt nedanfor høgdedrag og skrentar.


3 Sangolt, Skaganeset, Dommedal



Landskapstype:

- Skogsvågen/Kvalvågen – våg- og smalsundlandskap
- Raunefjorden – breie fjordløp/ opne fjordmunningar
- Stolåsen – åslandskap

Karakter:

- Småskala kulturlandskap, industri og bustader kring Kvalvågen og Sangolt
- Storskala spreidtbygd landskap mot Raunefjorden, skrint
- Indre ås- og dallandskap gjennom Dommedalen, dyrka mark og skog





Landskap og terrenget

Kvalvågen og Skageneset

- Småskala, lukka, brattkyst, nærverknad
- Vestsida svært sårbar, austsida noko større toleevne

Sangolt


- Småskala, småkupert, mange små landskapsrom, nærverknad

Dommedal

- Mellomskala, langstrakt, vatnet sentralt, tydeleg retning

Kystlinja mot Raunefjorden

- Storskala, eksponert brattkyst
- Særmerkt, visuelt sårbar landform
- Stor fjernverknad





Småskala kystlinje Skagasjøen, i overgangen mellom Skogsvågen og Raunefjorden.
Nærverknad



Storskala kystlinje med utsyn over Raunefjorden.
Fjernverknad

Busetnad



Nye hus er større, ligg høgare, og er i mindre grad underordna terrenget og landskapet enn dei tradisjonelle bygningsmiljøa.

I småskala landskap bør det søkjast ei betre underordning og tilpassing.

På Store-Sangolt er nye bygg og veganlegg tilpassa eksisterande skala. Toler grenda meir utbygging?


Vegetasjon og grøntstruktur



Sangoltvatnet, småskala landskapsrom i overgangen mellom innmark og utmark, toler utbygging med rett skalå og utforming



Dommedalsvatnet ligg i eit tydeleg dalrom avgrensa av markerte fjellveggar og tette skogsområde. Det skogkledde dal- og åslandskapet er i særstilling i kystkommunen



Oppsummering/tilrådingar

- Brattkysten og fjellområda mot Raunefjorden er svært sårbar og eksponert mot fjordromma og har eit stort visuelt influensområde som strekker seg inn i nabokommunane og mot store friluftsområde (fjernverknad)
- Sangolt er sårbare for tiltak som ikkje underordnar seg skala og landskapsrom (nærverknad) – både i bygningsmiljø, kulturmark og terreng/landskap. Toler avgrensa, småskala utbygging?
- Bør unngå bygging i synsranda som får fjernverknad og opphevar skiljet mellom landskapsromma
- Unngå å byggje på knausar og høgdedraga, både enkelthus og større tiltak
- Kvalvågen viktig kulturmiljø – sårbart – unngå tiltak (handsama i eigen plan)
- Dommedal; det lukka ås- og dallandskapet i særstilling i kommunen
- Jordbrukslandskapet er sårbart for fortetting og gjengroing
- Dalrommet elles toler tiltak, avgrensa visuell verknad og mellomskala landskap
- Den bratte, skogkledde austsida er sårbar for inngrep – bør unngå

4 Vestrepollen – Austefjorden


(indre del mellom Kørelen i nord og Tofterøy i sør)

Landskapstype:



- Austefjorden – Vestrepollen, småfjord og storsund
- Kausland – Selstø, kysthei i vest
- Førdesveten, kystfjella i aust

Karakter:


- Svært uttrykksterk landform – tydeleg sprekkedal som strekker seg langt nordover og sørover
- Mellomskala fjordlandskap i overgang skjergard – storøy
- Småskala kulturlandskap og mosaikkprega vegetasjonsmønster
- Linjebebyggelse langs fjord og veg med blanda alder og stilartar



Landskap og terrenget



- Langstrakt, smalt fjordrom med svært bratt kystlinje på begge sider gjer at strandsona med busetnad og andre inngrep vert svært eksponert mot motsett side av fjorden
- Kystfjella i aust dannar kraftig rygg som avgrensar og vender landskapet mot vest
- Storslått utsyn vestover mot havet frå høgareliggende område
- Mindre landskapsrom innanfor kystlinja avgrensa av lokale åsar og høgdedrag
- Alle høgdedrag har stor fjernverknad og er synlege frå begge sider av fjorden
- Kystlinja og grensa mellom fjordrommet og indre øy har særleg sårbare terregnformer



Busetnad



Glesnes. Nyare hus og eldre hytter og naust har ulike forhold til terreng og omgjevnader



Eide. Nye, tette byggjefelt framstår fort som framande "øyar" i det opne landskapet



Storegarden, Glesnes. Nye og eldre hus ligg godt tilpassa og underordna det vakre kulturlandskapet



Steinsland. Busetnaden ligg lågt ved fjorden og kaiane. Nyare hus ligg meir eksponert på knausar

Vegetasjon og grøntstruktur



Liene opp mot kystfjella har mykje skog. Dei store friluftsområda ligg over, i ope landskap.



Kystfjella sett frå Glesnes i vest.




Langs Austefjorden finst verdifull edellauvskog i område med meir næringsrike bergartar.



Kulturlandskapet på Vorland vert rekna som særleg vakkert og velhalde.

Vegetasjon og grøntstruktur

- Grunnlendt mark og kysthei dominerer vegetasjonsbiletet på vestsida
- Liene opp mot kystfjella i aust er dominert av tett planteskog av gran som forsterkar landskapsveggen visuelt
- Edellauvskogane i områda med næringsrike bergartar er små og svært sårbarer for inngrep og oppdeling, som langs fjorden på Steinsland
- Område med særleg fine kulturlandskapskvalitetar knytt til jordbruk ligg på Vorland, Glesnes, Kausland og den markerte sprekkedalen mot Spido. Områda er sårbarer for dominerande inngrep og oppdeling
- Mosaikken mellom dei ulike vegetasjonstypane er gjer landskapet opplevingsrikt



Oppsummering/tilrådingar

- Omsyn til stor eksponering på tvers av smalsundet – større inngrep / tiltak bør primært ligge innanfor grensa mellom fjordrommet og indre øylandskap – sekundært utformast med omsyn til terren og fjernverknad (såframt ikkje kaitilknyting er viktig)
- Omsyn til eksponerte drag i landskapet:
- Bør unngå bygging på knausar, høgdedrag og synsrand som får fjernverknad og/eller opphevar skiljet mellom landskapsromma
- Viktig å dokumentere at ein unngår uheldig fjernverknad av nye tiltak
- Unngå oppdeling av sårbare område i grøntstrukturen:
- Viktig å ta vare på den småskala mosaikken som gjer landskapet variert og opplevingsrikt

5 Lerøy og Bjelkarøy

Landskapstype:



- Raunefjorden og Korsfjorden – Bjørnafjorden; breie fjordløp
- Bukkarsundet – Hjellestadosen; øy-, holme og skjergardslandskap

Karakter:


- Småskala øy- og holmelandskap i storskala fjordløp
- Mosaikk av lysthei, kulturmark, lauvskog og planteskog
- Tradisjonelle bygningsmiljø knytt til sjø og jordbruk, i kombinasjon med nyare fritidsbygg
- Store friluftsinteresser
- Utan vegsamband og større inngrep



Landskap og terrenget



- Lågt relief, ingen dominerande høgder
- Vanskeleg tilgjengeleg brattkyst dominerer strandlinja
- Storskala, vide utsyn til store opne fjordrom mot nord og sør
- Småskala landskapsrom inne på øyene og mellom holmar og skjer
- Mellomskala landskapssrom mot Klokkarvik
- Større tiltak / inngrep vil ha liten fjernverknad i det store fjordrommet,
- Tiltak / inngrep vil ha svært stor nærverknad inne på øyene og i skjergarden





Skjergarden mellom Bjelkarøy og Lerøy



Raunefjorden og Lundaneset i nord



Landemerket Lyderhorn kan skimtast i nord



Korsfjorden i sør

Busetnad



Eldre hytter og naust er tilpassa dei småskala terrengformene



Nye hyttenaust i Seilbakken bryt med lokal byggjeskikk i form, storleik og terrengetilpassing



Naustvika på Bjelkarøy



Vegane ligg naturleg i småskala kulturlandskap


Vegetasjon og grøntstruktur

- Vekslande og mosaikkprega mellom open lysthei, skogar og dyrka mark, opplevingsrikt
- Tette planteskogar med gran og store område med lauvskog gir eit overraskande frodig inntrykk og forsterkar småskala romdanningar
- Jordbrukslandskapet på øyane har fine kulturlandskapskvalitetar
- Dyrka mark og beiter er svært sårbare for oppdeling, fortetting og gjengroing
- Storavatnet vanskeleg tilgjengeleg, men ein viktig del av variasjonen – til dels bratt og sårbar strandsone



Oppsummering/tilrådingar

- Store friluftskvaliteter – lite tilgjengeleg strandsone – må unngå nedbygging av tilgjengelege areal
 - Småskala landskapselement som er svært sårbar for endringar som vil endre skala og landskapskarakter (NB vegsamband)
 - Opne område med dyrka mark, lynghei og beiter er svært sårbare for fortetting og gjengroing
 - Bygningsmiljø; sårbart for endring i karakter både når det gjeld auke i tal og storleik
 - Bør unngå tette felt og naustrekker dersom landskapskarakteren skal ivaretakast
 - Nye bygg og tiltak bør underordnast / tilpassast terrengformer og skala




6 Storamyrå, Golta, Glesnes

Landskapstypar:



- Goltasundet – våg- og småsund
- Golta – ope hav frå fastland/store øyer
- Kausland-Selstø, kysthei
- Glesnes, Glesvær – Toftosen, øy, holme og skjergardslandskap

Karakter:

- Hovudform storskala, berglendt strandflate med vidt utsyn og høg himmel
- Tydeleg geologi, djupe sprekkedalar og tronge sund og vågar
- Kystheia dominerer vegetasjonen
- Vakre jordbrukskulturlandskap på Golta og Glesnes
- Tradisjonelle bygningsmiljø knytt til sjø og jordbruk dominerer, mindre bustadfelt på Glesnes
- Store friluftsinteresser – tilgjengeleg både frå sjø og land









Landskap og terrenge

- Lågt relief, ingen dominerande høgder
- Karakteristiske, parallelle sprekkedalar
- Vanskeleg tilgjengeleg brattkyst, svært oppstykka strandlinje
- Storskala, vide utsyn frå alle mindre høgder, viskar ut skiljet mellom landskapsrom og -typar
- Kausland, Glesnes, Goltasundet og Glesvær-Toftosen avgrensa romleg av terrenghformer, vegetasjon og busettnad
- Større tiltak / inngrep vil vere synleg og ligge eksponert i synsranda frå store område utanfor området



Vegetasjon og grøntstruktur

- Større, samanhengande område med kysthei dominerer og gir storskala inntrykk
- Jordbruksmarka underordna, men del av det opne.
- Vakre, definerte kulturnarksrom på Golta, Kausland og Glesnes
- Planteskogen framandelement som bryt med det opne landskapet



Oppsummering/tilrådingar

- Store frilufts- og opplevingskvalitetar – svært sårbart og ope landskap
- Funksjonell strandsone kan med fordel trekkast lengre aust mot Kausland og nord mot Telavågvegen
- Bør unngå nye tiltak/inngrep vest for romleg avgrensing av Kausland og Glesnes
- Evt fortetting på Golta bør skje i eller inntil eksisterande bygde miljø
- Landbruksareala på Glesnes er sårbare for fortetting av som endrar den opne karakteren, nye bygg bør leggast til tunmiljø og langs veg?
- Glesnes og Glesvær bør handsamast og forvaltast saman med Døscherholmen etc på Tofterøy som eitt landskapsområde, indre Toftosen.




7 Klokkarvik

Landskapstyper:

- Raunefjorden – breie fjordløp
 - Korsfjorden-Bjørnafjorden, breie fjordløp
 - Førdespollen-Høylandsvika, våg- og småsund
 - Stolåsen, ås- og dallandskap
 - Førdesveten – kystfjella



Karakter:

- Storskala, ope landskap vendt mot breie, opne fjordløp
 - Omfattar store delar av det sentrale fjellområdet på øya – Førdesveten høgste punkt
 - Tydelege sprekkedalar med sagtannrelieff skjer seg innover frå våg- til dallandskap




- Samanhengande busetnad på strandflata frå tettstaden Klokkarvik til Høyland
 - Viktig romleg dele mellom Høyland og Bjøllhaugen lengst sør

Landskap og terrenget



- Eksponert brattkyst mot Raunefjorden, visuelt sårbar landform med stor fjernverknad
- Dallandskapet innanfor lukka, tett skogkledd, meir linjedrag enn rom
- Sundsjøen – Lerøyosen tydeleg mellomskala landskapsrom, nærverknad Klokkarvik - Lerøy
- Sveneset, Børnes, Limavågen, småskala kulturlandskap, kupert, små landskapsrom, visuelt sårbart, nærverknad
- Førdesvatnet, Førdespollen, Høylandsvika smale, småskala rom, visuelt sårbare på tvers - storskala i lengderetning ut mot storfjorden
- Fjellsida opp mot Førdesveten svært eksponert og visuelt sårbar landform
- Større opne "flater" ved Klokkarvik og Høyland, liten nær- og fjernverknad






Førdesstraumen: småskala form og naustmiljø - storskala utsyn. Smalt og visuelt sårbart for endring



Rolegare og opne landformer gir høgare toleevne for tiltak lengst sør



I sør opnar landskapet seg mot store, opne fjordmøte med storlagne utsyn og høgare toleevne



Visuell nærbонтakt mellom Klokkarvik og Lerøy. Mellomskala landskapsrom og toleevne.

Busetnad



Klokkarvik eksponert mot Lerøyosen



Uheldig privatisering av sentrumsnær, tilgjengeleg strandlinje i Klokkarvik




Busetnad i det opne, "flate" landskapet i sør er lite eksponert.



Byggjefelta øverst i Klokkarvik ligg på eit "platå" som gir enkel terrenghandsaminga låg eksponering

Vegetasjon og grøntstruktur

- Storskala strukturar: strandsona, det skogkledde ås- og dal-landskapet i nord, og dei lyngdominerte, sentrale kystfjella
- Småskala, mosaikkprega strukturar: kulturlandskapa kring Børnes, Limavågen, Førdesvatnet og Førdespollen
- Også grøntstrukturen i bustadfelta er fint ivareteke i tomtestorleik, terrenghandsaming, snarvegar og leike/ballplassar
- Særleg verdifulle: Dei verna skogane kring Klokkarvik, kulturlandskapet kring Førdesvatnet, mosaikken og edellauvskogane i dei andre kulturlandskapa, Børnestangen





Kulturlandskapet inst ved Førdesvatnet er heilskapleg, klart romleg avgrensa og svært vakkert



Kulturmark på Børnes med Førdesveten i bakgrunnen



Skiljet mellom utsyn mot Bergen og byfjella og utsyner sørover går mellom Høyland og Bjøllhaugen. Viktig romleg dele!



Ballplass i Klokkarvik

Oppsummering og tilrådingar

- Det bør ikkje tillatast byggjetiltak i skogane nord for Klokkarvik (Presteskogen mm)
- Kulturlandskapet kring Førdesvatnet bør ”vernast”, kjerneområde landbruk?
- Kulturlandskap og strandsone kring Limavågen og Førdespollen, Førdesstraumen og Høylandsvika bør sokast ivaretatt – viktig å ta vare på mosaikken i vegetasjon og bygningsstruktur
- Terrengform og vegetasjon frå Høylandsfjellet til sjøen viktig romleg dele. Bør halde området mellom Høyland og Bjøllhaugen ope som grøntkorridor, iallefall i området over riksvegen?
- Byggjefelta øverst i Klokkarvik ligg på eit ”platå” som gjer terrenghandsaminga enkel og felta lite eksponerte. Området toler meir utbygging
- Busetnad i det opne, ”flate” landskapet kring Høyland i sør er lite eksponert. Lausmassar og ”snilt” terreng gir gode høve til terrengtilpassing. Områda toler fortetting og ny utbygging
- Områda mellom riksvegen og foten av fjellet (ca k+60-70) vest for Førdespollen og kring Høyland toler utbygging
- Føresetnad: at grøntstrukturen gjennom byggjeområda til dei overordna strukturane vert teken vare på!


8 Forland og Kleppe

Landskapstypar:

- Korsfjorden-Bjørnafjorden, breie fjordløp og opne fjordmunningar
- Korsfjorden ytre – breie fjordløp, opne fjordmunningar
- Austefjorden - småfjord- og storsund
- Førdesveten – kystfjella
- Forland – kysthei



Karakter:


- Hovudform storskala, sørvendt mot fjordmøtet i sør og med markerte kystfjell i ryggen
- Forland og Forlandsågen småskala , lukka landskapsrom
- Skrinne lyngområde vekslar med frodige jordbrukslandskap og tett skog
- Vakre jordbrukskulturlandskap på Kleppe og Forland
- Tradisjonelle naustmiljø og bruk kring Forlandsågen og Kleppesjøen



Landskap og terrenget

- Markert sagtannrelieff i fjellformasjonane, fjellsida eksponert og visuelt sårbar
- Mindre terregryggjar som er eksponert over i tilgrensande landskapsområde (dannar horisontar)
- Terregryggen Kleppaksla – Fiksneset særleg eksponert, sørspissen av øya, visuelt sårbar, stor fjernverknad
- Kleppe, Forland og Forlandsvågen lukka, småskala landskapsrom, visuelt sårbare, nærverknad viktig
- Kleppesjøen underordna og småskala, ope landskapsrom
- Håkonsundet lukka, småskala meir linjedrag enn rom, visuelt sårbart
- Austefjorden særleg inntrykksterk landform; storskala sprekkedal som strekker seg langt nordover. Markert skrent langs vegen viktig romleg dele





Busetnad



Naustmiljøet i Forlandsågen er naturleg forma etter vågen, blanda eldre og nye, tilgjengeleg.



Blanda bustadmiljø nytt/gammalt kring Forlandsågen toler fortetting.




Dei nye byggjefelta vest for Kleppe har fått særleg uheldig plassering på kanten av sagtannrelieffet.



Byggjefelt på Sauvardane ligg nedanfor fjellfoten, som gir enkel terrenghandsaming, låg eksponering.

Vegetasjon og grøntstruktur

- Storskala strukturar: strandsona, kystfjella "i ryggen", lyncheiene
- Langs Austefjorden er strandlinje og kysthei framleis i hovudsak intakt, sjølv om store delar av arealet er avsett til byggjeområde (næring/hytte) – den smale fjorden vil endre preg dersom området vert bygt ut etter plan
- Småskala, mosaikkprega strukturar: jordbrukslandskapa kring Kleppe og Forland, Hakelsundet. Sårbare for ytterlegare fortetting dersom den opne kulturlandskapskarakteren skal haldast ved like
- Større, samanhengande skogareal med gran og furu





Terrengryggen mellom landskapsromma
Forlandsvågen og Austefjorden er visuelt sårbar



Granskogen på Fiksneset er eit framandelement i
landskapet og har låg opplevingsverdi



Det opne kulturlandskapet på Forland er sårbart
for ytterlegare fortetting



Kleppe har eit fint, ope kulturlandskapsrom
omkransa av bustader.

Oppsummering og tilrådingar

- Dei øvre byggjefelta vest for Kleppe har fått særleg uheldig plassering på kanten av sagtannrelieffet, med därleg terrenghandsaminga og negativ eksponering langt utanfor landskapsrommet.
- Det bør ikkje tillatast ytterlegare byggjetiltak i området over dei nye felta på Kleppe (ca k+70)
- Busetnad i det opne, "flate" landskapet nedanfor fjellfoten er lite eksponert. Lausmassar og "snilt" terrenget gir gode høve til terrengetilpassing. Områda toler fortetting og ny utbygging
- Terrenget og vegetasjon frå Høylandsfjellet til sjøen viktig romleg dele. Bør halde området mellom Høyland og Bjøllhaugen ope som grøntkorridor, iallefall i området over riksvegen
- Kulturlandskapet på Forland bør "vernast", kjerneområde landbruk?
- Forlandsvågen med bustad og naustmiljø toler fortetting som tek omsyn til eksisterande skala og opne strukturar. Viktig ikkje å bryte gjennom terrengruggen mot Austefjorden.
- Ytre del av Austefjorden vil endre karakter med planlagt utbygging. Uheldig med ytterlegare byggjeområde lengre nord der fjorden smalnar. Avgrensa visuelt influensområde, men stor nærverknad til motsett side av fjorden.
- Viktig å stille krav til tiltaka, unngå svekking av Austefjorden som landform – unngå inngrep i strandsona på Tofterøy-sida av Austefjorden

9 Tofterøy


Landskapstype:

- Austefjorden-Vestrepollen, småfjord- og storsund
- Korsfjorden – breie fjordløp, opne fjordmunningar
- Hummelsundet, våg- og småsund
- Toftosen – øy, holme og skjergardslandskap


Karakter:

- Ope storskala mot fjord og hav i sør og vest, til småskala mot sund og vågar
- Skrinne lyngheiområde og bart fjell dominerer vegetasjonsbildet
- Fleire små vatn i sprekkedalane
- Busetnaden konsentrert om dei mest tilgjengelege og attraktive strandlinjene kring Toftosen og Hummelsundet, og langs veg.
- Tilgjengeleg strandlinje, attraktivt for båt- og sjøliv





- Storskala, lågt relief: skråstilt landflate med lang, slak austside mot Austefjorden
- Denne urørte, skrinne austsida mot særleg visuelt sårbar for inngrep
- Mange små viker rundt heile øya, gir mykje tilgjengeleg strandsone i forhold til resten av kommunen
- Lange, storskala siktlinjer ut Toftosen og Austefjorden
- Toftosen delt i eit indre og eit ytre landskapsrom
- Indre del knyter saman Tofterå, Døscherholmen med Glesnes – del av same landskap og bygningsmiljø
- Ytre del meir ope og vendt mot ytre skjergard
- Hummelsundet lukka, småskala, meir linjedrag enn rom, visuelt sårbart, nærverknad viktig!





Steinsland sett frå Rophammaren, Tofterøy. I dei smalaste partia av Austefjorden vert motsett side dominerande for korleis ein opplever landskapet.



Sælsvika ytterst i Austefjorden. Landskapet opnar seg ut mot det store fjordmøtet i sør, med vidt utsyn til fjella i fjordbygdene i aust.



Hummelsund. Frodig kulturlandskap og nakne lystheier møtest. Det låge, jamne reliefet gjer tiltak i horisonten svært synlege.



Viksøy



Campingplassen




Viksøy

Medan fleire hytter ligg eksponert i horisont, og hyttenaust på rekke dominerer strandlinja, ligg campingplassen godt i terrenget trass rotete visuelt uttrykk. Kraftlinene er ofte svært synlege.

Vegetasjon og grøntstruktur

- Storskala strukturar: strandsone, llyngheti, og store sva med fjell i dagen. Alle sårbare visuelt – vanskeleg å skjeme, eller reparere uheldige terrengtiltak
- Småskala, mosaikkprega strukturar og kulturlandskap: Toft, Trellevik, Hummelsund, Sæle. Sårbare for storskala tiltak
- Små tette skogar – høg opplevingsverdi som kontrast til det elles opne og skrinne
- Vatn og myrar – variasjon og kontrastrikdom



Oppsummering og tilrådingar

- Indre Toftosen med Døscherholmen, Toft, Tofterå, Leirvågen etc bør saman med Glesnes handsamast og forvaltast som eitt landskapsområde.
- Viksøy har svært eksponerte terrengformer, området kring Tarlevika og campingplassen er kanskje i ferd med å nå tolegrensa for bygging.
- Nye hytter bør ikkje bryte horisonten mellom landskapsromma kring Viksavågen, Indrvågen og Hummelsund. Stovefjellet særleg viktig.
- Hummelsundet markert og flott landform, saman med kulturlandskap og bygningsmiljø viktig å verne om – kjerneområde landbruk?
Omsynssone?
- Området kring nordre og Søre Toft og brua minst visuelt sårbart for nye bustadområde terrengmessig, men har fint kulturlandskap der mosaikken i vegetasjonen er sårbart – bør søkast ivaretatt
- Vestre Sælsvika - Sæle – Sælsvika; klart avgrensa og fint forma landskapsrom med vide utsyn og store opplevingskvalitetar – svært sårbart utanfor område med lausmassar og vegetasjon
- Unngå svekking av Austefjorden og dei store svaa som landform – unngå inngrep i strandsona på Tofterøy-sida av Austefjorden

Visuelt sårbare område, oppsummering:

Særleg inntrykkssterke:

- Lundaneset
 - del av landform Liafjellet, fjernverknad
- Dei sentrale kystfjella
 - landform, fjernverknad
- Austefjorden
 - landform, nærverknad
- Storamyrɑ
 - landform, kysthei, nær- og fjernverknad

Andre særleg sårbare:

- Strandlinje, brattkyst, skrinne område, område med grunnlendt mark, vanskeleg å "reparere"
- Sagtannrelieffet som karaktertrekk

Kulturmiljø/landskap

- Bør definerast i eigen kulturminneplan

Landskapsomsyn i kommuneplanen

Ny planlov av 27.06.2008, i kraft frå 01.07.2009

- Omsynssone jf § 11-8 c) – kan ha eigne retningsliner for avgrensa verksemd og vilkår for tiltak i område med særlege landskapskvalitetar
- Generelle føresegner jf § 11-9 pkt 6
 - Vise til landskapsanalyse, særtrekk i kommunen mm
 - Visuelt sårbare område – omsyn
 - Heilskaplege kulturmiljø/kulturlandskap – omsyn
 - Landskapsformer med særleg inntrykksstyrke – ta vare på, ikkje svekke
 - Strandsona - omsyn
 - Andre eksponerte område – omsyn
- Krav til dokumentasjon i regulerings- og byggjesaker:
 - Landskap integrert i byggjeskikksrettleiar – eksempel på krav til dokumentasjon
 - Landskaps- eller stadianalyse
 - Dokumentasjon av naturkvalitetar og vegetasjon
 - Terrenginngrep/endring av opphavleg terren
 - Byggjehøgder
 - Eksponering, nær og fjernverknad
 - Karakteristiske snitt inklusive tilgrensande landskap og byggverk